

## Vossamoro

Vossamoro har meir enn 14 års erfaring med tilrettelegging og gjennomføring av aktivitetar for grupper frå 8 – 400 deltakarar. Me tilbyr eit breitt spekter av vinter og sommar aktivitetar som passar for alle uansett alder og sko størrelse.

### Lagbyggings aktivitetar

Aktiviteten startar med litt informasjon, deretter vert gruppa delt inn i mindre lag som saman skal løysa 6 ulike praktisk /teoretiske oppgåver. Stikkord i denne samanhengen er kommunikasjon, samarbeid og praktisk engasjement. Nokon av postane består av ein planleggings del og ein praktisk del. På kvar post er det to lag som møtes og løysar kvar si oppgåve, og ein instruktør som gjev rettleiing, vurderer lagetts innsats og notera resultatane. Etter aktivitetane samlast gruppa i Fredriks Bar for ei kort evaluering og premiering av det beste laget.

Tid: 2 t

Arena: ved Fleischers appartement

Pris pr. pers: kr. 410 pr. pers. (minimum kr. 3800)

Bekledning: vinter sko, praktiske varme ute klede, lue og vottar/hanskar

